



Stasjonen er tenkt sett opp der det står STOLPE. Det er teikna ei line mellom stasjonen og Legland sitt hus.

### Oppsittarar på Korsnes reagerar mot ein planlagt Telenor-installasjon.

Birger Legland i Kleivadalsvegen 5 har sendt inn klage på Telenor sin plassering av ein basestasjon. Han vil ikkje ha stasjonen plassert midt i utsikten frå stova og kjøkenet sitt, skriv han til kommunen. Legland meiner at å ha eit slikt prosjekt i eit boligfelt, "verkar på meg litt lite seriøst".  
- Som vi veit har slike installasjonar helsefarlige verknader, skriv han og meiner at heile prosjektet må flyttast til eit område utanfor bebyggelse.



På haugen til venstre er basestasjonen tenkt sett opp. I forgrunnen Kleivadalsvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)